

• Nortura-sjefen måtte gå



Krev endring: Bonde og landbruksprofil Dag Fossen har vore ein av dei skarpaste Nortura-kritikarane dei siste åra. Han meiner konsernsjefen i Nortura burde vore bytta ut for lengst og seier samansetninga i konsernstyret må gjerast noko med.

Foto: Siri Juell Rasmussen

Dag Fossen: Det må nytt blod inn

Bonde og landbruksprofil Dag Fossen meiner fjerninga av konsernsjef Arne Kristian Kolberg skjedde langt på overtid. No krev Fossen at ein ny sjef kjem utanfrå.

– Eg forstår ikkje kvifor dette ikkje har skjedd før no. Det burde i alle fall skjedd etter at ein la fram årsresultatet i fjor, seier Fossen når Nationen spør kva han tenkjer om at Nortura-konsernsjefen må gå.

Den rutinerte gardbrukaren er 1 av 19.000 Nortura-eigarar. For berre nokre få veker sidan gjekk han hardt ut mot samvirket i eit debattinnlegg – bakgrunnen var dei grufulle tala samvirket la fram for andre tertial.

– I 2016 sa Kolberg at alt gjekk etter planen og deg gjekk bra. I 2017 kom eit katastrofefår, og så langt ser det ut til at det blir endå verre i 2018. Kva tilseier at styret har tru på planen denne gong, spurte Fossen i innlegget.

Han meinte at den økonomiske situasjonen i Nortura er verre enn dei fleste er klar over og skreiv at han sakna handlekraft og gjennomføringsevne.

– Eg trur både administrativ og vald leiinga kan styrkast. Valkomiteen har ei stor oppgåve framfor seg, avslutta Fossen i innlegget den 8. november.

Vil ha større endringar

Tidleg onsdag kom børsmeldinga med nyheita om at Arne Kristian Kolberg må gå av som konsernsjef i Nortura. Fossen meiner det skjer minst eitt år for seint, og nemner dårlege økonomiske resultat, Hærland-prosessen som enda i rettsleg tap i fjor haust og fleire andre negative saker for Nortura.

– Det er så mange historier! Styret i Nortura har valt å la han sitte til no, men etter mi mening burde han ha gått av for lengst, seier Fossen.

– Kva tenkjer du om rolla til styret i Nortura?

– Eg står ved at styret med fordel kan styrkast, trass i det dei har gjort no. Eg har ikkje oversikt over kva som skjer i styreromet, men eg mistenkjer at når ingenting har skjedd før no, så har ikkje styret vore einig. Eg

Kan styrkast

«Eg trur både administrativ og vald leiinga kan styrkast.»

Dag Fossen, bonde og landbruksprofil

skal ikkje seie at styreleiar må ut, men det er behov for å bytte fleire i styret.

Fossen seier til Nationen at det hadde blitt umogleg å halde på styreleiar og det noverande styret, dersom dei ikkje fjerna Kolberg.

– Det er ikkje noko gale med enkeltpersonar, for å få det slått fast. Det er kjekke og flinke folk, men det har ikkje vore handlekraft nok over tid.

– Må luftast i veggane

Styreleiar Trine Hasvang Vaag seier konsernstyret startar arbeidet med å finne ny konsernsjef med ein gong. Enn så lenge er visekonsernsjef Hans Thorn Wittussen konstituert konsernsjef, medan konserndirektør for produksjon Lisbeth Svendsen, er konstituert som visekonsernsjef.

– Det er ikkje noko gale med verken Wittussen eller Svendsen, men dei er ein del av eit system som har gått for lenge. Derfor må det nytt blod inn for å riste opp i systemet. Det er lettare å komme utanfrå og gjere store endringar, meiner Dag Fossen.

Han legg seg på same linje NI-BIO-forskar Ivar Pettersen og his-

torikar og forskar Harald Espeli ved Handelshøgskulen BI, som begge seier problema stikk langt djupare enn berre konsernsjefen.

– Kostnadsbildet er det største problemet til Nortura. Dei drege på seg avtalar mot kjedene, men også mot tilsette ved pensjonsavtalar, som ein ikkje har råd til. Det må luftast i veggane, det er eit heilt miljø som må ristast opp i, meiner Fossen.

Mykje støtte

Fossen har vore ei omstridd og elska stemme i landbruksnæringa i fire tiår. Etter at den garva gardbrukaren gjekk ut mot både administrativt og vald leiing i Nortura, har han fått mange tilbakemeldingar.

– Spesielt frå andre eigarar, andre gardbrukarar – frå Nord-Noreg, Vestlandet og Austlandet. Folk er veldig uroa, dei seier dei er glade for at nokon sett ord på det dei òg meiner, og seier dei er heilt einig i at noko må skje i Nortura.

– Trur du avgangen til konsernsjefen vil roe gemytta?

– Det er eit første steg, eit heilt naudsynt steg for å komme seg vidare, men avgangen i seg sjølv fører ikkje til noko. Det må komme inn nye kostar som kostar annleis, avsluttar Fossen.

Hans-Olav Rise

hans-olav.rise@nationen.no

Dette får han i etterløn

Konsernsjef Arne Kristian Kolberg måtte gå på dagen. Ein avtale sikrar han fleire millionar kroner i etterløn.

Årsaka til at Arne Kristian Kolberg går av som konsernsjef i Nortura er at styret bad han om det. Det stadfestar styreleiar Trine Hasvang Vaag overfor Nationen. Kolberg sluttar med det på dagen, noko som gjer at ein avtale om 12 månaders etterløn trer i kraft.

– Kolberg forlèt Nortura med umiddelbar verknad. Styret bad han om å gå. Det gjer at han har 12 månader med etterløn i tråd med avtalen som er inngått, seier Vaag til Nationen.

3,5 millionar i fallskjerm

I årsmeldinga til Nortura går det fram at Kolberg fekk 3,03 millionar kroner i løn i 2017. I tillegg blei det innbetalt 146.000 kroner i pensjonspremie for Kolberg det året. Fri bil og andre godtgjeringsutgjorde 263.000 kroner i 2017.

Kolberg beheld både løn og sosiale ytingar i perioden på 12 månader. I årsmeldinga står det: «Dersom konsernet velger å bringe arbeidsforholdet til opphør, beholder konsernsjef sin lønn og sosiale ytelser i 12 månader».

Løn og sosiale ytingar for 2018 er ikkje kjent, men etter alt å dømme får Kolberg dermed med seg minst 3,5 millionar kroner frå Nortura ut døra.

– Følger opp avtalen

– Er det verdt prisen på 3,5 millionar?

– Eg kjem ikkje til å gå inn på løna til konsernsjefen. Vi har ein avtale vi følger opp. Arne Kristian har gjort ein god jobb i mange år. Vi er ikkje ueinige med han. Vi er i ein situasjon der han ikkje har tillit frå styret lenger, men han er ikkje avsett i «unåde», eller noko slikt. Vi følger opp den avtalen vi gjorde for fem år sidan, seier Vaag til Nationen.

I årsmeldinga til Nortura er det oppgitt 3,705 millionar kroner under posten «Avsetning for pensjons- og andre forpliktelser akkumulert pr 31.12.» for konsernsjefen pr 2017.

Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no



Går av: Arne Kristian Kolberg.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase